

Rutine for oppfølging av innkjøpsavtaler i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Mål	<ul style="list-style-type: none">• Skildre sentrale punkt knytt til avtaleoppfølging gjeldane for heile fylkeskommunen. Meir konkrete rutinar som gjeld for ein skilde innkjøpsområder, vert det utarbeide egne rutinar for.• Ivareta lovas krav om oppfølging av miljø, menneskerettar og andre samfunnsomsyn (loa § 5)
Rutineansvarleg	Innkjøpssjef

1 Avtaleoppfølging på overordna nivå

Det skal lagast ein plan for kva avtaleområder som skal følgjast opp særskilt i fylkeskommunen, sjå vedlegg 1. Denne skal vurderast årleg av dei store interessentane innkjøpstenesta, samferdsleavdelinga, byggje- og eigedomstenesta, tverrfagleg ressursgruppe knytt til grønne innkjøp. Prioriteringar skal gjerast ut frå føringar nedfelt i forskrift, av Difi, i fylkeskommunen sin innkjøpsstrategi, gjennom faglege vurderingar og ut frå ein ressursprioritering. Grappa skal vurdere korleis dette skal verte kommunisert ut i organisasjonen.

Ein gong i året skal innkjøpstenesta saman med samferdsle, byggje- og eigedomstenesta, tverrfagleg ressursgruppe knytt til grønne innkjøp gå gjennom innkjøpsplanen/avtaleporteføljen for å peike ut dei avtalane som fylkeskommunen skal ha særleg fokus på. Ein skal leggje til grunn same kriterier som nemnd i vedlegg 1. Desse avtalane bør i hovudsak vere i dei varegruppene konkludert med i vedlegg 1, men det kan også vere avtaler innan andre varegrupper. Avtaleoppfølginga skal kontrollerast på leiarnivå gjennom ein oversikt, vedlegg 2. Dette skal skje to gongar i året.

Innkjøpssjef tar initiativ til møta.

2 Avtaleoppfølging på den ein skilde avtale

Generelt

Alle avtaler skal ha ein viss grad av avtaleoppfølging. Minimumsoppfølging på dei aller fleste avtaler vil vere økonomi og framdrift. Det er den eller dei som har avtaleansvaret som har det overordna ansvaret for at avtalen vert fulgt opp.

Oppstartsfase av avtalen

For alle nye avtaler over 1,3 mill eks mva skal følgjande gjerast.

- Lage ein implementeringsplan (INNKK: bruk mal for dette eller eige dokument tilpassa den ein skilde avtale, BET: KS-plan, SA: Oppstartsførebuingar)
- Oppstartsmøte med leverandør
- Informasjon internt og eksternt til dei som treng det
- Lage ein plan for oppfølging av avtalen (INNKK og SA: bruk av mal for dette eller eige dokument tilpassa den ein skilde avtale, BET: KS-plan). Malen må inkludere felt for klima/miljø, sosialt ansvar, arbeidslivskriminalitet og økonomi. Relevante punkt å vurdere er

- Er det særlege krav i konkurransen eller kontrakten vi meiner det er ein risiko knytt til, og derfor bør følgjast opp
 - Ein peikepinn på korleis og kor ofte dette skal følgjast opp
- OBS: som del av denne vurderinga vil ein også måtte ta omsyn til om avtalen ligg
- innanfor eller utanfor dei definerte risikoområda, vedlegg 1
 - kor stor verdien er
 - kor alvorleg eit eventuelt brot er
 - kor stort eventuelt omdømmetap eit brot kan føre til
- Det er fullt mogleg å vurdere at det er punkt som burde følgjast opp, men at i den store samanhengen, skal dei ikkje fylgjast opp i denne perioden.

Dette kan også gjerast for avtalar av lågare verdi dersom ein ser behov for det

For kontraktar ved enkeltkjøp, liten verdi og svært liten risiko er det ikkje nødvendig å lage implementeringsplan/plan for oppfølging.

Avtaleoppfølging

Til grunn for avtaleoppfølginga ligg strategien utarbeida i tråd med punktet over.

- Hovudansvar for avtaleoppfølging ligg som hovudregel hjå avtaleansvarleg/prosjektleiar
- Prisjusteringar som er i tråd med avtalen skal godkjennast av avtaleansvarleg.
- Prolongeringar. Moment til vurdering av om avtalen skal prolangerast
 - Fungerar avtalen godt eller dårleg?
 - Andre omsyn kan vere påvente av modenheit i marknaden, interne ressurs spørsmål eller anna
- Opsjonar: Utløysing av opsjonar bestemmast av avtaleeigar på bakgrunn av økonomi og behov
- Endringsordre og endringsavtalar
 - Alle vesentlege endringar av avtalen skal dokumenterast gjennom endringsavtale
 - Endringsavtalar må gjennomførast i tråd med den einskilde avdeling sine rutinar
 - Vesentlege forlengingar av avtalar i påvente av ny konkurranse er også ein endring
 - Endringsavtalar skal godkjennast av person med mynde til dette.
- Møte med leverandør ved behov eller etter avtale
- Oppfølging av særlege avtalepunkt/risikoområder kan bestå i
 - Eigenerklæringar
 - Ettersørje meir dokumentasjon for å underbygge eigenerklæringar
 - Ein meir strukturert gjennomgang, til dømes i samarbeid med Arbeidstilsynet eller Skatteetaten

AKTUELLE MALAR	PLASSERING
Protokoll	
Implementeringsplan	
Plan for oppfølging av avtalen	

AKTUELLE DOKUMENT	PLASSERING
Regional plan for klimaomstilling	http://www.sfj.no/regional-plan-for-klimaomstilling.397026.nn.html